

Partnerskapsavtale

mellom

Fylkeskommunane i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal og Fjord Norge AS

1. Formål

Fylkeskommunane og Fjord Norge AS (heretter kalla selskapet) skal samarbeide om å styrke det regionale næringsutviklingsarbeidet knytt til reiselivsnæringa, forankra i dei respektive fylkeskommunane sine planar for regional utvikling. Denne avtalen erstattar tidlegare felles rammeavtale og respektive samarbeidsavtalar mellom dei fire fylkeskommunane og selskapet.

Denne avtalen er avgrensa til og regulerer tilhøve knytt til tilskot som vert gitt av dei fire fylkeskommunane.

2. Målsettingar

Partnerskapsavtalen skal medverke til å realisere fylkeskommunale mål og strategiar for næringsutvikling knytt til internasjonal marknadsføring av reiseliv, slik dette er formulert i gjeldande regionale planar på området. I dei årlege tildelingsbreva frå fylkeskommunen kan dette bli nærare presisert.

Partnerskapet skal også medverke til å nå selskapet sin visjon om "å vise verda fjordane" og nå målet om å vere det mest profesjonelle og slagkraftige regionale marknadsføringsselskapet i Norden. Selskapet skal posisjonere Fjord Norge-regionen som det mest attraktive reisemålet for naturbaserte opplevingar.

3. Selskapet sine oppgåver og bidrag i partnerskapet

Selskapet skal som ein del av sitt virke:

- Profilere Fjord Norge-regionen som reisemål internasjonalt gjennom marknadsføring og salsaktivitetar på vegne av reiselivsaktørane på Vestlandet. Arbeidet bør koordinerast med aktivitetar utført av nasjonale organ, for tida Innovasjon Norge, for å sikre best mogleg ressursutnytting.
- Selskapet skal samle og gjere tilgjengeleg overnattingsstatistikk frå SSB for reiseliv på regionnivå for dei fire vestlandsfylka.
- Selskapet skal levere ein handlingsplan knytt til tilskotet for kvart år til fylkeskommunane. Handlingsplanen skal skilde mål for arbeidsperioden, aktivitetar for måloppnåing og budsjett med finansieringsplan. Utkast til handlingsplan skal sendast administrasjonane for uttale før styrehandsaming.
- Sal av selskapet sine tenester bør i hovudregel skje gjennom destinasjonsselskapa i dei fire vestlandsfylka.
- Overføre marknadskunnskap og kompetanse til reiselivsbedriftene i regionen. Det vert føresett at selskapet praktiserer eit ope samarbeid med næringa, koordinert gjennom eit tett samarbeid med destinasjonsselskapa.

- Selskapet skal ha ein lyttande dialog med næringa, for å sikre at marknadsføringa av regionen samsvarer med produkttilbodet kunden vil finne i regionen
- Dei enkelte fylka kan i tillegg til fellesavtalen inngå andre avtalar med selskapet. Slike tilleggsavtalar skal ikkje finansierast frå tilskotet løyvd på bakgrunn av felles avtale.
- Ved behov skal Fjord Norge ha møter med enkeltfylker for å drøfte profilering/ marknadsføring av fylket.
- Berekraft skal vere eit grunnleggjande punkt for alle aktivitetar i Fjord Norge AS

4. Fylkeskommunen sine oppgåver og bidrag i partnerskapet

Som delvis finansiering av oppgåvene nemnt under punkt 3 skal fylkeskommunane yte eit årleg økonomisk bidrag. Dei fylkeskommunale partnerskapsmidlane skal utbetalast innan 1. mars kvart år, men ikkje før sluttrapporten for året før ligg føre (sjå punkt 6). 80 % av tilskotet kan bli utbetalt mot overlevert handlingsplan og resterande 20 % blir utbetalt ved sluttrapportering og seinast den 31.12 same år. Rapportering og oppmoding om utbetaling skjer gjennom sakshandsamingssystemet RF13.50

Partnerskapsmidlane er ikkje til hinder for at selskapet kan søke prosjektfinansiering til konkrete utviklingsprosjekt.

Fylkeskommunane deltek på administrativt og/eller politisk nivå i aktivitetar og prosjekt som partnaren er ansvarleg for etter nærare avtale.

Der det er naturleg, skal fylkeskommunane medverke til at selskapet kan dra nytte av dei ressursane og den kompetansen som fylkeskommunane sjølve, og fylkeskommunane sine andre samarbeidspartnarar rår over.

5. Organisering av samarbeidet mellom selskapet og fylkeskommunane

Det blir lagt til grunn at samarbeidet skjer på administrativ nivå i fylkeskommunane. Ut over dette er det opp til selskapet å avgjere kven dei vil samarbeide med og korleis dei vil organisere og drive arbeidet.

6. Rapportering

Halvårleg rapportering og dialog skjer gjennom regelmessige møte mellom selskapet og fylkeskommunane, minst 2 gonger per år.

Innan 10. desember kvart år skal selskapet sluttrapportere skriftleg til fylkeskommunane for inneverande år, i arbeidsmal som ligg ved tildelingsbrevet. Det skal rapporterast på gjennomførte tiltak og oppnådde resultat i høve til oppgåvene nemnt under punkt 3 og til dei mål og krav som blir sett i dei årlege tildelingsbrevva frå fylkeskommunen. Rapporten skal gje ei kort oppsummering av bruken av partnerskapsmidlane i høve til aktivitet og gjennomførte tiltak. Endelege tal for november og desember vert oppdatert i sluttrapporten når desse er klare.

Selskapet skal operere med eit rekneskapsmessig skilje mellom ulike deler av verksemda så langt som dette er påkrevd av omsyn til regelverket om offentlig støtte. Det skal ligge føre interne retningslinjer om korleis dette nærare vert handtert.

I tillegg skal selskapet også sende årsmeldinga og revisorattestert årsrekneskap, (eller anna tilsvarande rapportering,) til fylkeskommunen så snart dette ligg føre.

7. Tidslengd, beløp, oppseiing og innsyn

Denne avtalen gjeld frå 1. januar 2016 og inntil vidare. Avtalen kan seiast opp med 1 års varsel rekna frå det første komande årsskiftet.

Kostnadsramma for eit årleg partnerskapsbidrag er kr 3 millionar (2016) justert årleg med konsumprisindeksen pr 15.november for etterfølgjande år.

Det årlege partnerskapsbidraget frå fylkeskommunen har som mål å vere langsiktige og forutsigbare, men kan bli justert som følge av den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen og/eller som følgje av endra nasjonale rammer og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane. Større endringar i dei fylkeskommunale rammene for ordninga gjev selskapet rett til å sei opp avtalen.

Ved alvorlig misleghald kan begge partar sei opp avtalen med 6 månaders varsel. Avtalen kan også endrast om partane er samde om det.

Dersom selskapet blir lagt ned eller mislegheld avtalen, kan fylkeskommunen krevje heile, eller deler av, partnerskapsmidlane tilbakebetalt.

Fylkeskommunane eller fylkeskommunane sine revisorar har til ei kvar tid høve til å kontrollere at vilkåra for tilskotet blir helde. Fjord Norge pliktar å gje dei opplysningane som fylkeskommunane ber om.

Dato

For Hordaland fylkeskommune

For Rogaland fylkeskommune

.....
Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling

.....
Fylkesordførar

For Sogn og Fjordane fylkeskommune

For Møre og Romsdal fylkeskommune

.....
Fylkesrådmann

.....
Fylkesrådmann

For Fjord Norge AS

.....
Kristian B Jørgensen
Administrerande direktør

16.03.2016